



PETROLEUMSTILSYNET

Statoil Petroleum AS

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
AU-GF-00017

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2015/578/TES

Dato
3.6.2015

Samtykke til å ta i bruk rørleidningar og undervassanlegg på Gullfaks Sør

Vi viser til dykkar søknad om samtykke 6.5.2015 til å ta i bruk rørleidningar og undervassanlegg på Gullfaks Sør.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25, tredje ledd bokstav a, blir de gitt samtykke til å ta i bruk rørleidningar og undervassanlegg på Gullfaks Sør.

Samtykket blir blant anna gitt med bakgrunn i dokumentasjon som er sendt inn i forbindelse med søknaden.

Behandlinga av søknaden om samtykke blir koordinert av oss, sjå rettleiing til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden lagt fram for Miljødirektoratet (MD). Miljødirektoratet har opplyst at dei ikkje har kommentarar til at samtykke blir gitt, vedtaket deira følgjer for øvrig av eige brev som er lagt ved.

Vedtaket kan bli påklaga etter § 28 i forvaltningslova. Fristen er tre veker frå mottak av dette brevet. Klagen skal sendast til oss. Nærmare opplysningar om klageåtgang kan ein få ved å ta kontakt med oss.

Vedtaket om samtykke skal gjerast kjend for verneombod og arbeidstakarane sine representantar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Marius Auflem e.f.
tilsynsordinator

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: Uttalelse frå Miljødirektoratet

Sist endret: 03.06.15 12:20

Kopi:
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM